
Søkjær

Organisasjonsopplysningar

Organisasjonsnamn	Møre og Romsdal fylkeskommune, seksjon for arkiv, bibliotek og museum
-------------------	---

Postadresse	Kirkegata 10 B
-------------	----------------

Postnummer	6 004
------------	-------

Poststad	Ålesund
----------	---------

Kontonummer	42 120 770 300
-------------	----------------

Leiar av institusjonen

Fornamn	Inger Lise
---------	------------

Etternamn	Aarseth
-----------	---------

Telefon	71 280 504
---------	------------

E-post	inger.lise.aarseth@mrfylke.no
--------	-------------------------------

Er institusjonens leiar kontaktperson for prosjektet?	Nei
---	-----

Kontaktperson

Fornamn	One Marthe
---------	------------

Etternamn	Vik
-----------	-----

Telefon	71 280 507
---------	------------

E-post	one.marthe.jostad.vik@mrfylke.no
--------	----------------------------------

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype	Innsatsområde
Innsatsområde	• FNs bærekraftsmål og bibliotek

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel	Bibliotek og berekraft i Møre og Romsdal
Mål	<ul style="list-style-type: none">- Biblioteka i Møre og Romsdal har god kjennskap til FN sine bærekraftsmål- Biblioteka som deltek i prosjektet er i stand til å arbeide strategisk med FN sine bærekraftsmål- Biblioteka som deltek i prosjektet blir meir synlege i kommunane sitt bærekraftsarbeid- Biblioteka som deltek i prosjektet er i stand til å utvikle tiltak og evt. nye publikumsretta tilbod på bakgrunn av kommunane sine KPI-analyser, i samarbeid med andre interessantar og målgrupper- Det blir utvikla ein modell på bakgrunn av biblioteka sitt arbeid med KPI-analysene som har overføringsverdi til andre bibliotek

Prosjektbeskriving

Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker å ta ei tydeleg rolle i å utvikle eit berekraftig samfunn for framtida. Ambisjonen er å gjere Møre og Romsdal til berekraftfylke nummer 1 i Norge. Møre og Romsdal sitt arbeid med bærekraftmåla er forankra i Regional planstrategi 2020-2024 og i Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024. Fylkesplana er fulgt opp med økonomiplan for 2021, der eit av måla er å starte opp eit utviklingsprosjekt knytt til bibliotek og berekraft innan 2022. Lenke til nemnte planer finns her: <https://mrfylke.no/om-oss/planar-planarbeid-og-hoeyringar>

Berekraftfylket Møre og Romsdal er eit initiativ frå Møre og Romsdal fylkeskommune for å svare på regjeringa sine forventningar. Satsinga høyrer til under «Møre og Romsdal 2025» der vi samordnar heile offentleg sektor i Møre og Romsdal. «Berekraftfylket» sitt metodiske utgangspunkt er U4SSC, som er eit FN-støtta program som måler status i kommunane i høve FN sine bærekraftsmål gjennom ei KPI-analyse (key performance indicator) som kan omsettast til viktige nøkkeltal.

Det er 92 samfunnsområde som er med i ei slik analyse. Utgangspunktet for nøkkeltala er

berekraftmåla, og områda som blir kartlagt er alt frå vatn, energi, bygg, sikkerheit, kultur og utdanning. Digitalisering krysser alle områda. Data frå desse 92 områda blir plotta inn i eit datasystem slik at det blir mogleg å sjå ei heilheit og finne smarte og berekraftige løysingar for ulike utfordringar i kommunane. Alle kommunane i fylket skal kartleggast etter denne metoden som grunnlag for å gjere prioriteringar i arbeidet med å skape eit meir berekraftig samfunn. Byane i fylket har allereie gjennomført, og dei resterande kommunane vil ha sine analyser klar i løpet av våren 2021. Fleire andre fylker er allereie i gong med, eller skal sette i gong same type arbeid i tida som kjem. Kommunar og fylkeskommunar som har gjennomført evalueringa er med i Bærekraftsnettverket.

I følge Nasjonal bibliotekstrategi befinn biblioteka seg i skjæringspunktet mellom kultur, utdanning, folkehelse og sosialt arbeid. Dette gir eit godt utgangspunkt for å jobbe med berekraftsmåla. Det er likevel vanskeleg for biblioteka å ta tak i dette arbeidet, fordi det blir stort og diffust, og det kan vere vanskeleg å vite kor ein skal begynne. Sjølv om biblioteka i seg sjølv er berekraftige institusjonar, er det ikkje sikkert det er ei bevisstheit rundt dette verken hjå bibliotektilsette sjølve, eller elles i kommunane. Det er mange små bibliotek i Møre og Romsdal, og det kan vere vanskeleg å arbeide strategisk med få ressursar, og det vil derfor vere nyttig med samarbeid. Ved å ta i bruk resultatata frå KPI-analyse i dei enkelte kommunane, kan ein sjå kor biblioteka kan sette inn sine ressursar for å bistå i arbeidet med å gjere sin kommune meir berekraftig og utvikle nye tilbod til publikum ved behov. Ein del av midlane vil gå til å sette i gong tiltaka som blir jobba fram. Saman med biblioteka vil vi utvikle ein modell for korleis ein brukar resultatata frå analyse i planlegging og strategisk arbeid. Modellen vil kunne overførast til andre bibliotek i fylket, samt vere til nytte for andre bibliotek og fylkeskommunar nasjonalt.

Prosjektet blir leia av Møre og Romsdal fylkeskommune, ved seksjon for arkiv, bibliotek og museum (tidlegare fylkesbiblioteket). Seksjon for berekraftig samfunnsutvikling vil vere ein viktig støttespelar i prosjektet.

Fire bibliotek frå Møre og Romsdal ønsker å ta del i prosjektet; Ålesund bibliotek, Sula bibliotek, Sunndal folkebibliotek og Hareid folkebibliotek. Vi ser føre oss at det er naturleg at kulturleiar eller personar som har vore involvert i arbeidet med KPI-analysene i dei enkelte kommunane også inviterast inn i arbeidet i løpet av prosjektperioden, for å sikre forankring ute i kommunane.

Fylkeskommunen er partner i Framtidslaben, og dette prosjektet vil vere eit av prosjekta i laben. Dei vil vere ein viktig samarbeidspartner i prosjektet. Framtidslaben kan mellom anna bidra med fasilitering av møter, kunnskap om berekraft og nettverksbygging både mot næringsliv og offentleg sektor. The North West vil også vere partner i prosjektet. Dei vil følge opp prosjektet i samarbeid med Framtidslaben.

Framdriftsplan

Prosjektet er Toårig

Aktivitetsplan for prosjektet

Beskriving

Oppstart av prosjektet. I denne perioden vil vi ha eit generelt seminar om bibliotek og berekraft som alle biblioteka i fylket får tilbod om å delta på.

I etterkant av dette vil biblioteka som er samarbeidspart i prosjektet møtes til første samling i prosjektgruppa, der vi m.a. ser på konkretisering av framdriftsplanane saman med alle samarbeidspartar. Det vil og vere hensiktsmessig at denne samlinga inneheld ein presentasjon av arbeidet med KPI-analysene til deltakande kommunar, som er det kunnskapsgrunlaget vi skal arbeide vidare med.

Aktivitetsperiode

Fra dato 01.10.2021

Til dato 31.12.2021

Beskriving

Denne perioden vil vi bruke til å dykke ned i dei enkelte KPI-analysene. Saman vil prosjektgruppa diskutere og reflektere rundt funna i analysene. Nokre av møta vil vi ha fysisk, medan andre kan vere digitale via Teams e.l. Ein må også undervegs i prosessen koble på andre interessenter i dei enkelte kommunane, for å sikre forankring.

Aktivitetsperiode

Fra dato 01.01.2022

Til dato 30.09.2022

Beskriving	Prosjektgruppa arbeider med å utarbeide modell for korleis arbeide strategisk med KPI-analysene. Det er viktig at biblioteka deltek med sine erfaringar frå det arbeidet dei har gjort. Ein må også i denne perioden avgjere kva plattform som egner seg for deling av modellen til andre, og gjere avtalar rundt denne.
------------	--

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.10.2022
----------	------------

Til dato	31.01.2023
----------	------------

Beskriving	Biblioteka som deltek er i stand til å utvikle tiltak og eventuelle nye publikumsretta tilbod på bakgrunn av funna i KPI-analysene ved hjelp av den utarbeida modellen, i samarbeid med andre interessentar og ulike målgrupper. I prosjektet vil noko av midlane bli sett av til utvikling av nye publikumsretta tilbod, slik at biblioteka som deltek kan få tilført midlar til dette og få starta opp nye publikumstenester. I denne perioden vil vi jobbe meir med dette.
------------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.02.2023
----------	------------

Til dato	30.09.2023
----------	------------

Andre opplysningar

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan

Budsjett

1. prosjektår

Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket	354 000
--------------------------------------	---------

Andre inntekter 1. prosjektår

Beskriving	Deltakande bibliotek - reiseutgifter
------------	--------------------------------------

Beløp	25 000
-------	--------

Beskriving	Arbeidsinnsats folkebibliotek
------------	-------------------------------

Beløp	235 200
-------	---------

Beskriving	Arbeidsinnsats MRFK - seksjon for arkiv, bibliotek og museum (tidl. fylkesbiblioteket)
------------	---

Beløp	168 000
-------	---------

Beskriving	Arbeidsinnsats MRFK - seksjon for berekraftig samfunnsutvikling
------------	--

Beløp	36 000
-------	--------

Beskriving	Arbeidsinnsats Framtidslaben/The North West
------------	---

Beløp	36 000
-------	--------

Inntekter totalt 1. prosjektår:	854 200
---------------------------------	---------

Utgifter 1. prosjektår

Beskriving	Utgifter til samlinger
------------	------------------------

Beløp	67 000
-------	--------

Beskriving	Reiseutgifter bibliotek og samarbeidspartnerar
------------	--

Beløp	25 000
-------	--------

Beskriving	Arbeidstid folkebibliotek
------------	---------------------------

Beløp	235 200
-------	---------

Beskriving	Arbeidstid MRFK - seksjon for arkiv, bibliotek og museum (tidl. fylkesbiblioteket)
------------	--

Beløp	168 000
-------	---------

Beskriving	Arbeidstid MRFK - seksjon for berekraftig samfunnsutvikling
------------	---

Beløp	36 000
-------	--------

Beskriving	Arbeidstid Framtidslaben/The North West
------------	---

Beløp	36 000
-------	--------

Utgifter totalt 1. prosjektår:	567 200
--------------------------------	---------

2. prosjektår

Inntekter 2. prosjektår

Beskriving	Midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune
------------	--

Beløp	200 000
-------	---------

Beskriving	Deltakande bibliotek - reiseutgifter
------------	--------------------------------------

Beløp	25 000
-------	--------

Beskriving	Arbeidsinnsats folkebibliotek
------------	-------------------------------

Beløp	235 200
-------	---------

Beskriving	Arbeidsinnsats MRFK - seksjon for arkiv, bibliotek og museum (tidl. fylkesbiblioteket)
------------	---

Beløp	168 000
-------	---------

Beskriving	Arbeidsinnsats MRFK - seksjon for berekraftig samfunnsutvikling
------------	--

Beløp	36 000
-------	--------

Beskriving	Arbeidsinnsats Framtidslaben/The North West
------------	---

Beløp	36 000
-------	--------

Inntekter totalt 2. prosjektår:	700 200
---------------------------------	---------

Utgifter 2. prosjektår

Beskriving	Utgifter til samlinger
------------	------------------------

Beløp	47 000
-------	--------

Beskriving	Reiseutgifter bibliotek og samarbeidspartnerar
------------	--

Beløp	25 000
-------	--------

Beskriving	Utvikling av modell
------------	---------------------

Beløp	40 000
-------	--------

Beskriving	Midlar til igongsetting av tiltak i biblioteka
------------	--

Beløp	400 000
-------	---------

Beskriving	Arbeidstid folkebibliotek
------------	---------------------------

Beløp	235 200
-------	---------

Beskriving	Arbeidstid MRFK - seksjon for arkiv, bibliotek og museum (tidl. fylkesbiblioteket)
------------	--

Beløp	168 000
-------	---------

Beskriving	Arbeidstid MRFK - seksjon for berekraftig samfunnsutvikling
Beløp	36 000
Beskriving	Arbeidstid Framtidslaben/The North West
Beløp	36 000
Utgifter totalt 2. prosjektår:	987 200
Totalt	0

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *	Ja
Namn	Framtidslaben (United Future Lab Norway)

Beskriv samarbeidet

Framtidslaben er ein del av FNs program for smarte og berekraftige byar – United for Smart and Sustainable Cities (U4SSC - ip). Framtidslaben er den andre laben i verda som har dette samarbeidet med FN. Den første laben held til i Wien.

Møre og Romsdal fylkeskommune er partner i Framtidslaben, som er eit nettverk av partnerar frå privat næringsliv, akademia, organisasjonar og det offentlege. Framtidslaben si oppgåve er å legge til rette for at partnerane skal samarbeide om å realisere konkrete prosjekt. I Framtidslaben deler partnerane kunnskap, kompetanse og erfaring slik at dei kan finne felles løysingar på eigne utfordringar. Utgangspunktet for arbeidet i og rundt Framtidslaben, er FNs analyser av kor berekraftige og smarte samfunn er. Målet er å bidra til å nå FNs berekraftsmål innan 2030.

Framtidslaben vil mellom anna bidra med fasilitering av møter, kunnskap om berekraftsmåla og nettverksbygging i prosjektet. Les meir om Framtidslaben her: <https://www.unitedfuturelab.no/>

Namn

Ålesund bibliotek

Beskriv samarbeidet

Ålesund bibliotek er hovudbiblioteket i Ålesund, og er ein del av Ålesundbiblioteka. Ålesundsbiblioteka består av ni lokalbibliotek, i tillegg til hovudbiblioteket og fengselsbibliotek. Ålesund kommune hadde per 2020 eit folketal på 66 258.

Ålesund bibliotek er deltakar i prosjektet.

Namn

Sunndal folkebibliotek

Beskriv samarbeidet

Sunndal bibliotek er lokalisert på Sunndalsøra på Nordmøre. Sunndal kommune hadde per 2020 eit folketal på 7 036.

Sunndal folkebibliotek er deltakar i prosjektet.

Namn

Sula bibliotek

Beskriv samarbeidet

Sula bibliotek er lokalisert i Langevåg i Sula kommune. Sula kommune hadde per 2020 eit folketal på 9 310.

Sula bibliotek er deltakar i prosjektet.

Namn

Hareid folkebibliotek

Beskriv samarbeidet

Hareid bibliotek er lokalisert i sentrum av Hareid kommune. Kommunen hadde per 2020 eit folketal på 5 175.

Hareid bibliotek er med som deltakar i prosjektet.

Namn

The North West

Beskriv samarbeidet

The North West er arenaen for berekraftig regionutvikling. Dei arbeider med å fasilitere møteplassar og prosjekt for å dra nærings- og samfunnsutvikling i retning av berekraftsmåla.

Dei bidreg med med fasilitering av møter, kommunikasjon, kunnskap om berekraftsmåla og nettverksbygging i prosjektet. Les meir om The North West her:
<https://www.thenorthwest.no/en/about/>

Vedlegg

Last opp vedlegg

Sammendrag og innsending